

KILSTRAUMEN



Velkommen til sjøs!

Havsportkommunen Austrheim er eit eldorado for padleturar i kajakk eller kano. På kartet til høgre ser du forslag til padleløyper. Du ser og at det finst alternativ, om du vil utforske andre sund og andre straumar. Det meste av Austrheim kommune består av 489 øyar, holmar og skjer. Naturen er spennande, variert og tilgjengeleg for alle. Kajakk- eller kanoturen kan kombinerast med fisking eller turar på land. Det finst alltid ei øy eller ein holme for deg!


Rettar, men og plikter

Allemannsretten er den retten alle har til fri ferdsel, opphold og aktivitet i utmark. Utmark vil i praksis seie det meste av strender, svaberg, vatn, skog og fjell. Private kaiar og brygger kan berre nyttast etter avtale med eigagar.

I tida mellom 15. april og 31. juli er det forbod mot å gå i land på Kuøyna, Skagøyna, Teistholmen og Teistholmeskjeren. Dette er naturreservat. Bruk av eld i skogsmark er forbode frå 15. 4. til 15. 9. Hugs å rydde etter deg. Kommunen har sikra padlarar rett til å parkere ved/i nærleiken av dette skiltet. Hundar skal vere i band.

Pass på

Turen på sjøen blir best og kjekkast om du sikrar deg sjølv og dei du har med deg. Redningsvestar er obligatorisk, men like viktig er det at du tar omsyn til ver, vind og straum, og dine ferdigheter. Du finn lune og innaskjers løyper om det bles litt. Naturen i Austrheim har mykje å by på!



FjordImage/Ola Moen



Utsetting av kajakk




Parkering



Turstiar



Badeplass



Turistinformasjon




Padlerute



Attraksjonar

Austrheim kommune

Du er no i den nordlegaste kommunen i Hordaland. Her finn du, mellom mykje anna, Noregs vestlegaste fastlandspunkt, Vardetangen, (sjå kartet). Dette punktet når du frå sjøen, men også via tursti over land frå Vardetangen hurtigbåtkai. Austrheim er ein moderne industrikkommune med variert næringsaktivitet, godt utbygde skuletilbod, og eit rikt kulturliv. Velkommen til oss!



Austrheim
kommune



Hordaland
fylkeskommune



GjensidigeStiftelsen